



KVINNHERAD  
KOMMUNE

# Eit trygt og godt barnehagemiljø



1.januar 2021 fekk barnehagane eit nytt regelverk for barnehagemiljø. Den nye lova skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag.

Kvart barn har krav på og rett til eit trygt og godt barnehagemiljø, fritt for alle typar krenkingar som; mobbing, utestenging, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripa inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar.

### **TA KONTAKT MED BARNEHAGEN**

Det kan vera mange grunnar til at barnet ditt ikkje ser ut til å trivast i barnehagen. Utestenging, mobbing og plaging kan vera ein av grunnane. Føresette må tidleg ta kontakt med barnehagen og be om at det vert sett i verk tiltak dersom barnet deira ikkje opplever at retten til eit trygt og godt barnehagemiljø er tatt i vare på.

Det er ikkje alltid at barnet ditt fortel om det som skjer i barnehagen. Spørsmål du kan stilla deg er:

- Viser barnet glede over å vera i barnehagen?
- Ser det ut som at barnet ditt har venner i barnehagen?
- Ser det ut som at barnet ditt kjenner seg trygg i barnehagen?
- Fortel barnet ditt om leik og kjekke opplevingar?
- Fortel personalet i barnehagen om korleis barnet ditt har det ?

### **BARNEHAGEN SKAL:**

- Driva eit førebyggjande arbeid mot alle former for krenkingar, og utarbeide eigen plan for psykososialt barnehagemiljø.
- Informera føresette om retten barnet har til eit trygt og godt barnehagemiljø.
- Varsla barnehageeigar om saker som gjeld krenkingar av barn.
- Laga skriftleg plan for gjennomføring av tiltak.
- Dokumentera at ein utfører tiltaka.

## ALLE SOM ARBEIDER I BARNEHAGEN HAR PLIKT OG ANSVAR

1. har plikt til å følgja med på korleis barna har det.
2. har plikt til å gripa inn og stoppa krenkingar med ein gong.
3. har plikt til å varsla.
4. har plikt til å undersøka og setja inn tiltak.
5. plikt til å varsla dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn.

## BARNEHAGEEIGAR – PLIKT OG ANSVAR

- Barnehageeigar har ansvar for at tilsette har rett kompetanse til å følgja med, gripa inn og varsla dersom det skjer krenkingar mot barn.
- Barnehageeigar må sjå til at føresette og barn har god informasjon om rettane til sine.
- Barnehageeigar skal vera informert om alvorlege krenkingar som skjer, og sikra at dette vert følgt opp.
- Kvinnherad kommune har eigen overordna plan for psykososialt barnehagemiljø.

### Klagerett:

Barnehagemynde i Kvinnherad kommune er klageinstans om føresette opplever at retten til eit godt og trygt barnehagemiljø ikkje vert oppfylt.

Barnehagemynde i Kvinnherad kommune:

Signy Prestnes.

Mobil: 916 43 379.

E-post: [signy.aare.prestnes@kvinnherad.kommune.no](mailto:signy.aare.prestnes@kvinnherad.kommune.no)

## Lovverket: Lov om barnehagar

### § 41. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid:

Barnehagen skal førebyggja tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremja helsa, trivselen, leiken og læringa til barna.

### § 42. Plikt til å sikra at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen skal følga med på korleis barna i barnehagen har det.

Alle skal melda i frå til barnehagen sin styrar ved mistanke om at barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

-Barnehagen skal undersøka saka og setja inn tiltak. Det skal lagast ein skriftleg plan. Planen skal evaluerast.

### §43. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn

Dersom ein som arbeider i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider i barnehagen, krenker eit barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommande straks melda frå til barnehagen sin styrar. Styrar skal melda frå til barnehageeigar.

Dersom ein som arbeider i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at styraren i barnehagen krenker eit barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommande melda frå til barnehageeigar direkte.